

**Sakshandsamar:**

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sf-f.kommune.no

Tlf: 5788 47 54

Vår ref.

Ark.nr.: 04/04577/L.nr: 003843/05

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

04/1994

Dato

LEIKANGER, 03.03.2005

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep,
0033 Oslo


Høyring - NOU 2004:26 Heimfall

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjorde 02.03.2005 slikt vedtak i sak 16/05:

1. Heimfallsinstituttet gjeld eigarskapen til vasskraftressursane og rører ved store verdier for det norske samfunnet både i dag og for våre etterkomarar. Det er viktig å sikre nasjonal eigarskap til desse naturressursane for framtida.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune krev at Regjeringa får klarlagt kva som er handlingsrommet for norsk regelverk i høve til EØS-avtalen før ein legg fram forslag om nye konsesjonslover for Stortinget. Om naudsynt må heimfallsretten prøvast for EØS-domstolen.
3. Eit tungt lokalt forankra offentleg eigarskap har stor eigenverdi og nye heimfallseglar må ha som målsetjing å stimulere til slikt eigarskap.
4. Med tilvising til fylkeskommunen sin uttale til heimfallsaka i 2003 tek ein opp att kravet om at spørsmål knytt til fordeler og ulemper med utanlandsk eigarskap, kraftoppdekking i tørrår i høve til eigarskap og konsesjonslovene og konsekvensar for norske forbrukarar vert vurdert for ulike heimfallsmodellar.
5. Det er like eins nødvendig å få ei rettsleg vurdering av spørsmål knytt til erstatning for tap ved omgjerding av evigvarande konsesjonar til tidsavgrensa konsesjonar med heimfall.
6. Fleirtalet sitt framlegg gir insentiv til raskt sal av offentlege eigedeler og ivaretek verken dei nasjonale interessene eller omsynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar, som ønskjer fortsatt eigarskap.
7. Mindretalet (KS, LVK og LO) sitt framlegg gir ein rimeleg balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynte omstruktureringar. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør mindretalet sitt framlegg og viser til dei grunngjevingar som er gjort i mindretalsmerknadene.
8. Saka må ikkje fremjast for Stortinget før det er gjort grundige konsekvensutgreiingar.



Med helsing


Velaug Væum

Fylkesdirektør

Idar Sagen
rådgjevar

Vedlegg: Saksutgreiing



Sak folkevalde organ

FYLKESUTVALET

Saksnr.: Møtedato: Arkivsaksnr.: L.nr.:
0016/05 02.03.2005 04/04577 002716/05

Sakshandsamar: Idar Sagen

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Fylkesutvalet	02.03.2005	0016/05

Høyring - NOU 2004:26 Heimfall

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at heimfall i ei eller anna form er nødvendig som eit langsiktig verkemiddel for inndraging av grunnrente til det offentlege og for disponering av vasskraftsressursane.
2. Før Regjeringa legg fram forslag om nye konsesjonslover for Stortinget, er det nødvendig å få klargjort kva som er handlingsrommet for norsk regelverk i høve til EØS-avtalen
3. Det er like eins nødvendig å få ei rettsleg vurdering av spørsmål knytt til erstatning for tap ved omgjerung av evigvarande konsesjonar til tidsavgrensa konsesjonar med heimfall.
4. Med tilvising til fylkeskommunen sin uttale til heimfallsaka i 2003 tek ein opp att kravet om at spørsmål knytt til fordeler og ulemper med utanlandsk eigarskap, kraftoppdekking i tørrår i høve til eigarskap og konsesjonslovene og konsekvensar for norske forbrukarar vert vurdert for ulike heimfallsmodellar.
5. Dersom transaksjonsmodellen kan gjennomførast i høve til EØS-regelverket, er den å føretrekke ut frå at langsiktig offentleg eigarskap best vil sikre forvaltning av naturressursar, infrastruktur og økonomisk avkasting til beste for det norske samfunnet. Modellen må utviklast vidare, mellom anna med omsyn til eigarinteressene. Fylkeskommunen legg til grunn at tilbakeverkingstidspunktet blir tidspunktet for iversetting av ny lov og ikkje 1994 då EØS-regelverket vart ratifisert. Dette er vesentleg for å sikre at alle transaksjonane frå 1994 og utover skal gå klar det nye regelverket.
6. Dersom transaksjonsmodellen ikkje kan gjennomførast i høve til EØS-regelverket, ser fylkeskommunen modellen basert på partielt heimfall som den beste løysinga. I høve til utvalsfleirtalet si innstilling har fylkeskommunen slike avvikande forslag:
 - Konsesjonstida vert sett til 60 år.
 - Kraftanlegg frå før 1909 skal inn under heimfallordninga.

- Kraft frå industrianlegg som får forlenga konsesjonstida med 60 eller 75 år skal knytast opp til industriverksemd innanlands.

7. Fylkeskommunen skal vere vertsregion ved fordeling av verdiar etter heimfall inntil noko anna evt. er bestemt.

Prenta vedlegg:

1. Brev til høyringsinstansane 01.12.2004 frå Olje- og energidepartementet
2. Kap. 1 Samandrag, NOU 2004: 26 Heimfall
3. Uttale frå SFE AS 08.02.2005

Uprenta vedlegg:

1. NOU 2004:26 Heimfall

Saksframstilling1. SAMANDRAG

Heimfallsutvalet vart oppretta etter protestar mot staten sitt forslag om ny heimfallsordning hausten 2002. I tillegg til påstandar om mangelfull utgreiing vart det reagert sterkt på at ei ny heimfallsordninga ville bety overføring av store verdiar frå kommunesektoren til staten. Utvalet vart oppretta 04.04.2003 og la fram si innstilling 30.11.2004: NOU 2004:26 Heimfall. Utvalet var samansett av 12 medlemmar: 3 representantar frå staten, tre uavhengige (utvalsleiaren, ein jurist og ein siviløkonom) og ein representant frå kvar av partane EBL (Energibedriftenes landsforening), PIL (Prosessindustriens Landsforening), LO (Landsorganisasjonen i Norge), SK (Samarbeidande kraftfylke), KS (Kommunenenes Sentralforbund) og LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar).

Etter dagens lovgjeving (konsesjonslovene frå 1917) treng alle utan staten konsesjon for å kunne få hand om vassfall og kunne bygge kraftanlegg over ein viss storleik. Offentlege eigarar får konsesjon utan tidsavgrensing. Desse konsesjonane beheld dei off. eigarane så lenge dei ikkje sel meir enn 1/3 til private, her under evt. utanlandske eigarar. Av dette følger at private / utanlandske eigarar etter dagens lovgjeving kan eige inntil 1/3 av norske kraftanlegg utan tidsavgrensing. Anlegg der private / utanlandske eigarar eig meir enn 1/3 heimfell vederlagsfritt til staten når konsesjonstida er ute. Konsesjonstida er til vanleg 60 år. I praksis har det vore industrien (Hydro og Elkem) sine anlegg som har hatt heimfall etter dette lovverket.

Dagens lovgjeving er problematisk i høve til EØS-avtalen, som krev likehandsaming av offentlege og private / utanlandske eigarar. Dette er bakgrunnen for at ESA, organet som skal overvake EØS-avtalen, har kravd at norske styresmakter endrar lovverket. ESA har så langt ikkje meint at sjølve heimfallsordninga er i strid med EØS-avtalen.

Nedanfor er det kort gjort greie for dei alternative modellane som heimfallsutvalet har vurdert.

Partielt (delvis) heimfall

Denne modellen har tilslutning frå 6 av 12 medlemmer - dei tre uavhengige og repr. frå , EBL, PIL og SK :

- Konsesjonæren (på heimfallstidspunktet) beheld 1/3 av anlegget ved heimfall.
- 2/3 av anlegget heimfell til staten når konsesjonsperioden er ute. Denne delen blir delt likt mellom staten og ressursdistrikta (kommunar og regionar).
- Innføring av nytt regime vil skje samtidig for alle når ny lov vert iverksett (lovtidspunktmodell)
- 75 år konsesjonstid (eit anna fleirtal).
- Utleigeordning, der eigaren kan leige ut kraftverk i perioden utan å misse eigarretten.
- Heimel for staten til å ekspropriere konsesjonæren sin tredjedel når særlege samfunnsmessige behov ligg føre, mot å betale full erstatning til konsesjonæren.

Hovudideen med denne modellen, er å legge til rette for ei vidareføring av den lokale og regionale eigarskapen på lang sikt, samtidig som ein tek vare på dei viktigaste omsyna bak heimfallsprinsippet. Modellen føreset at konsesjonæren som hovudregel skal få vidareført konsesjonen sin, samtidig som han eig 1/3 av anlegget. Han kan dermed vere trygg på behalde

driftsorganisasjonen sin og kraftverket si lokale forankring. Ved heimfall vil balansen mellom verdiane på staten si hand og kommunar / fylkeskommunar sin hand vere om lag som no.

Tradisjonelt heimfall (totalheimfall) med kompensasjon

Denne modellen har tilslutning frå staten sine tre representantar i utvalet:

- Totalheimfall til staten etter 75 år.
- Innføring av nytt regime vil skje samtidig for alle når ny lov vert iverksett (lovtidspunktmodell)
- 20 % kompensasjon, eventuelt tilbakeføring av anlegg (etter staten sitt val) til konsesjonæren på heimfallstidspunktet.
- Utleigeordning, der eigaren kan leige ut kraftverk i perioden utan å misse eigarretten.
- Inntil 1/3 av verdiane ved heimfallet, i praksis 10-15 %, til vertskommunar. Ikkje noko til regionar.

Modellen tilsvarar den som Regjeringa sende ut på høyring i 2002 med den endringa at eigarane på heimfallstidspunktet vil få ein kompensasjon på 20 % av verdiane i heimfallet. Innføring av kompensasjon betyr at den opprinnelege modellen er endra i retning av partielt heimfall.

Argumentasjon for modellen er m.a. at staten har behov for full eigarråderett over alle kraftverk for å kunne sikre rasjonalisering og optimalisering av vasskraftressursane. For å få nok tid til omstrukturering går staten sine representantar inn for 75 år konsesjonstid. Med denne modellen og den verdifordeling som staten sine representantar går inn for, vil det skje ei verdioverføring på ca. 1/3 av dei samla kraftverdiane frå kommunesektoren til staten.

Transaksjonsmodellen prinsipalt, rettighetsmodellen subsidiært

Denne modellen har tilslutning frå KS, LVK og LO:

- Innføring av konsesjonstid og heimfall vil skje for heile anlegget dersom det vert avhenda eigedelar over nærare bestemte terskelverdiar. Eigarane skal dermed kunne kontrollere når heimfallsregelverket vert iverksett.
- Terskelverdien for når ein transaksjon vert gjort, skal setjast lågt. Terskelverdiar er til no ikkje bestemt.
- Konsesjonstid 60 år.
- Heile anlegget heimfell til staten vederlagsfritt når konsesjonstida er ute.
- 1/3 av verdien skal tilfalle kommunar og regionar i ressursdistrikta (tilsv. som for modellen partielt heimfall).
- Dagens private/utanlandske eigarar får vidareført gjeldande konsesjonar, dvs. med heimfall til staten når den konsesjonstida dei har i dag, er ute.
- Utleigeordning, der eigaren kan leige ut kraftverk i perioden utan å misse eigarretten.

Ideen med transaksjonsmodellen er at dei som har evigvarande konsesjonar, skal kunne sitte med desse så lenge dei ikkje gjer transaksjonar som utløyer konsesjonsplikt med reglar om tidsavgrensa konsesjon og heimfall. Dagens lovgjeving, der dei offentlege eigarane beheld gjeldande konsesjonar så lenge dei ikkje sel meir enn 1/3 av verdiane i anlegget til private / utanlandske eigarar, er såleis ein transaksjonsmodell.

Mindretalet som nemnt går subsidiært inn for rettighetsmodellen:

- Innføring av nytt regelverk med konsesjonstid og totalheimfall på lovendringstidspunktet uavhengig av om det skjer ein transaksjon (lovtidspunktmodell).

- 45 % av verdiane ved heimfallet skal tilfalle dagens offentlege eigarar, som vel å bli sittande med anlegga fram til heimfallstidspunktet. Ingen ting til dei som evt. sel sine anlegg i perioden.

I den subsidiære modellen er det lagt opp til ei forskjellshandsaming mellom dei eigarane som sel og dei som held fram med å eige. Tanken bak forslaget er å hindre offentlege eigarar frå å selje kraftverka. Totalheimfall skal dessutan sikre at evt. utanlandske eigarar må avstå heile kraftverket på heimfallstidspunktet. Det juridiske grunnlaget for modellen er omstridd. Ei eventuell avklaring på dette spørsmålet vil ein truleg først få dersom modellen vert prøvd rettsleg.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Heimfall i ei eller anna form er nødvendig som eit langsiktig verkemiddel for inndraging av grunnrente til det offentlege og for disponering av vasskraftsressursane. Før Regjeringa evt. legg fram forslag om nye konsesjonslover for Stortinget, er det nødvendig å få klargjort kva som er handlingsrommet for norsk regelverk i høve til EØS-avtalen. Det er like eins nødvendig å få ei rettsleg vurdering av spørsmål knytt til erstatning for tap ved omgjerding av evigvarande konsesjonar til tidsavgrensa konsesjonar med heimfall. Med tilvising til fylkeskommunen sin uttale til heimfallsaka i 2003, ber fylkesrådmannen om å få vurdert fordeler og ulemper med utanlandsk eigarskap, kraftoppdekking i tørrår i høve til eigarskap og konsesjonslovene og konsekvensar for norske forbrukarar ved ulike heimfallsmodellar.

Dersom transaksjonsmodellen kan gjennomførast i høve til EØS-regelverket, er den å føretrekke ut frå at langsiktig offentlig eigarskap best vil sikre forvaltning av naturressursar, infrastruktur og økonomisk avkastning til beste for det norske samfunnet. Modellen må utviklast vidare, mellom anna med omsyn til eigarinteressene. Fylkesrådmannen legg til grunn at tilbakeverkingstidspunktet blir tidspunktet for iverksetting av ny lov og ikkje 1994 då EØS-regelverket vart ratifisert. Dette er vesentleg for å sikre at alle transaksjonane frå 1994 og utover skal gå klar det nye regelverket.

Dersom transaksjonsmodellen ikkje kan gjennomførast i høve til EØS-regelverket, ser fylkesrådmannen modellen basert på partielt heimfall som den beste løysinga.

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommunen skal vere vertsregion ved fordeling av verdier etter heimfall, inntil noko anna evt. er bestemt

2. BAKGRUNN

2.1 Vår unike vasskraft

Vassdraga våre representerer fornybare og evigvarande ressursar av stor verdi, både økonomisk og miljømessig. I dag er kraftproduksjon den viktigaste økonomiske utnyttinga. Vasskrafta utgjer 99% av kraftproduksjonen i landet, og er grunnleggjande for verdiskaping og velferd. Vårt land har ein unik fordel ved å kunne utnytte desse naturressursane til kraftproduksjon. For å sikre at vasskraftressursane blir utnytta på best mogeleg måte ut frå samfunnet sine interesser no og i framtida, er det nødvendig med eit godt utbygd system av økonomiske og administrative styringsreiskap. Gjeldande regelverk er tilrettelagt for å oppretthalde og utvikle eit omfattande offentlig eigarskap. Gjennom dette har styresmaktene gjennom 100 år påverka utnyttinga av vasskraftressursane, i tillegg til å sikre inntekter frå kraftproduksjonen til offentlig sektor.

2.2 Konsesjonslovene

Utbygginga av norsk vasskraft starta for fullt for om lag 100 år sidan. Styresmaktene såg då verdiane i å kunne forvalte vassdragsressursane til beste for fellesskapen. Sidan dei første utbyggingane var prega av privat og utanlandsk kapital, ønskte styresmaktene å få styring og kontroll gjennom innføring av konsesjonsplikt for å få hand om eigedomsrett, bruksrett eller langsiktig disposisjonsrett til vassfall og for regulering av vassdrag. Etter industrikonsesjons-lova vil krav om konsesjonsplikt bli utløyst ved regulering som vil gje meir enn 4000 naturhestekrefter (2944 kW) og tilsvarande etter vassdragsreguleringslova ved regulering som aukar vasskrafta med minst 500 naturhestekrefter for eit enkelt eller fleire vassfall som vert utnytta under eitt, eller minst 3000 naturhestekrefter for heile vassdraget.

Ein viktig del av gjeldande regelverk er at konsesjonar til private/privateigde selskap vert gitt for ein avgrensa periode på inntil 60 år med vilkår om at kraftverka med tilhøyrande anlegg skal eller kan (høvesvis etter industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova) tilfalle staten (heimfall) vederlagsfritt når konsesjonsperioden er ute. For kraftverk eigd av staten, fylkeskommunane og kommunane med minst 2/3 offentleg eigardel, vert det gitt konsesjonar på uendeleg tid. Av dette følger at private / utanlandske eigarar etter dagens lovgjeving kan eige inntil 1/3 av norske kraftanlegg utan tidsavgrensing.

Norske offentlege eigarinteresser har i dag hand om 91 % av produksjonskapasiteten i norske vasskraftverk (107,6 TWh av i alt 118,4 TWh). Kommunar og fylkeskommunar har eigarinteresser tilsvarande 42% av vasskraftproduksjonen eller om lag 50 TWh.

Heimfallsinstituttet er og har vore ein av grunnpilarane for å kunne ivareta nasjonale interesser når det gjeld eigarskap og forvaltning av vasskraftressursane. Heimfall gir sentrale styresmakter sjansen til å vurdere om noverande bruk bør forlengast, endrast eller om kraftproduksjonen bør disponerast annleis. Vidare vil heimfall innebere at staten og vertskommunane vert tilført økonomiske verdiar.

2.3 Energilova

Rammevilkåra for vasskraftsektoren vart vesentleg endra ved iverksetting av energilova i 1991. Innføring av nytt lovverk hadde først og fremst basis i eit ønske om å oppnå optimal samfunnsøkonomisk utnytting av energiressursane. Lova byggjer på marknadsbasert kraftomsetting og det vart danna ein marknad for produksjon og omsetting av kraft, medan nettverksemd vart underlagt monopolregulering. Etter iversetting av energilova har kraftsektoren gjennomgått ei stor omstrukturering og er i dag prega av ordinær forretningsverksemd der eigarane stiller langt strengare krav til lønsemd enn tidlegare.

2.4 Høyringssak ang. heimfall i 2002/2003

I februar 2002 kom EØS-kontrollorganet ESA med ein såkalla "Reasoned Opinion", der dei hevda at norske reglar ikkje er like for offentlege og private konsesjonærar og at reglane er i strid med EØS-avtalen. Norske styresmakter avviste dette m.a. med bakgrunn i at det her gjeld ressurs spørsmål som ikkje er omfatta av EØS-avtalen. Styresmaktene sette likevel i gang med eit omleggingsarbeid, jf. Regjeringa sitt høyringsutkast av nov. 2002 med forslag om endringar i heimfallsregimet.

I dette høyringsutkastet kom Regjeringa med forslag om at framtidige konsesjonar etter industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova skulle meddelast for ein periode på 75 år med vilkår om heimfall til staten. For alle vassfall kjøpte etter 1909 skulle det vidare påleggast 75 års konsesjonstid og heimfall til staten rekna frå lovendringstidspunktet. Sidan private anlegg frå før var underlagt reglar om konsesjonsperiode og heimfall, var forslaget retta berre mot offentleg eigde anlegg. I forslaget var det lagt opp til økonomisk kompensasjon til private deleigarar, men ingen kompensasjon til dei offentlege eigarane. Eksisterande private konsesjonar skulle gå sin gang utan endringar i vilkåra. Forslaget tok ikkje stilling til kva som skulle skje med kraftverka etter heimfallet.

Frå dei offentleg eigde selskapa med tidsuavgrensa konsesjonar og frå eigarane bak desse selskapa, var reaksjonane på forslaget sterkt negative.

Sogn og Fjordane fylkeskommune kom i mars 2003 med slik uttale i FU-sak 0027/03 så langt det gjeld spørsmålet om heimfall:

Fylkeskommunen går imot forslaget om at tidsuavgrensa konsesjonar for offentleg eigde kraftverk skal omgjerst til tidsavgrensa konsesjonar med vederlagsfritt heimfall. Forslaget er direkte i strid med sentrale omsyn som nasjonal handlefridom, ressursforvaltning og grunnrenteinntekter. Andre omsyn som ressursbruk og konkurranse i kraftsektoren kan ivaretakast ved langt mindre omfattande endringar, utan å avvike offentlege konsesjonærar sine tidsuavgrensa konsesjonar utan heimfall.

Etter Sogn og Fjordane fylkeskommune si vurdering gjev ikkje det omsende høyringsdokumentet tilstrekkeleg grunnlag til å forholde seg til dei store og viktige spørsmåla som er reiste. Fylkeskommunen støttar difor fullt opp om at det skal settast ned eit offentleg utval som kan gå gjennom alle sider av saka. Det er viktig at utvalet vert breitt samansett, m.a. ved at fylkeskommunane som viktige partar i saka, vert representert. Utvalet bør m.a. greie ut:

- Kva som skal til for å tilfredsstille EØS/ESA sitt krav om like konkurransevilkår.
- Alternative løysingar med og utan heimfall. Kor robuste er dei ulike ordningane.
- Skikkeleg vederlag til noverande eigarar dersom heimfall.
- Korleis heimfalne verdiar skal fordelast, eksplisitt om fylkeskommunane skal ha rettar.
- Fordelar og ulemper med utanlandsk eigarskap i norsk kraftsektor.
- Kraftoppdekking i tørrår sett i høve til eigarskap og konsesjonslovene.
- Konsekvensar for norske forbrukarar.

Fylkeskommunen er samd i at vasskraftressursane skal vere underlagt offentleg styring og kontroll, og at dette kan gjerast m.a. ved å oppretthalde heimfallsinstituttet.

2.5 Innspel til arbeidet i heimfallsutvalet, des. 2003

Sogn og Fjordane fylkeskommune la fram synspunkt knytt til heimfallssaka på eit høyringsmøte hos heimfallutvalet 11. desember 2003:

- Fylkeskommunen har eigardeler i konsernet Sogn og Fjordane Energi (SFE) tilsvarande verdiar på 1,1 milliardar kroner. I tillegg er selskapet viktig med tanke på tilgrensande næringsaktivitet og infrastruktur, dvs. viktige verksemdar og aktivitetar som trulig ikkje ville vere lokalisert i Sogn og Fjordane om eigarane hadde hatt sitt sete utanfor fylket.
- Sterkt kritisk til at lokal og offentleg eigarskap skal overførast til staten. Eit lovframlegg på linje med det Olje- og energidepartementet (OED) la fram i november 2002 vil vekke sterke distriktspolitiske reaksjonar.
- Ueinig i at Oed sitt framlegg frå 2002 vil legge til rette for ein effektiv marknad for eigarskap og bidra til auka effektivitet og verdiskaping i sektoren
- Fylkeskommunen ønskjer å oppretthalde og helst auke lokal råderett over vasskraftressursane, og avviser konfiskasjon av offentleg eigde kraftverk. Nasjonal kontroll må ikkje seie det same som statleg kontroll.
- Ei ny heimfallsordning for vasskraftverk må ta høgde for:
 - nasjonal kontroll med kraftressursane
 - regional/lokal råderett,

- at vasskrafta er og skal vere ein berebjelke i distrikta,
- å sikre kommunale- og fylkeskommunale verdiar
- effektiv ressursutnytting

2.6 Heimfallsutvalet, mandat og samansetting

Ved kongelig resolusjon 4. april 2003 vart det sett ned eit utval for å greie ut ei vidareført heimfallsordning og utforminga av denne. Utvalet vart også bedt om å vurdere behovet for endringar i det noverande heimfallsregimet og konsekvensane av å oppheve heimfalls-instituttet. Utvalet leverte si utgreiing, NOU 2004: 26 Heimfall til Olje- og energidepartementet 30. november 2004.

I mandatet er det sagt at det i arbeidet skal leggjast vekt på:

- Langsiktig nasjonal handlefridom, styring og kontroll med forvaltninga av vasskraftressursane
- Omsynet til offentlege inntekter
- God ressursbruk, verdiskaping og konkurranse i ein velfungerande kraftmarknad
- Harmonisering av regelverket mellom aktørane
- Konsekvensar for eigarstruktur og inntektsfordeling
- Eit oversiktleg og lettfatteleg lovverk

I løpet av utgreiingsarbeidet vart det presisert at utvalet ikkje skulle handtere vassfall og kraftverk kjøpt før konsesjonsavgjevinga av 1909 og heller ikkje spørsmål knytt til erstatning.

Utvalet var samansett av 12 medlemmer med advokat Tore Vestbakke, Kristiansand, som leiar. Tre departement og seks interesseorganisasjonar var representerte i utvalet. I tillegg vart det oppnemnt ein frittstående økonom (Lars Sjørgard) og ein frittstående jurist (Johan Fr. Remmen).

- Tore Vestbakke (leiar), Kristiansand, advokat
- Johan Fr. Remmen, Oslo, advokat. Leiar for energiavd. i advokatfirmaet Haavind Vislie
- Lars Sjørgard, Bergen, sjefsøkonom i Konkurransetilsynet/ prof. v. Norges Handelshøyskole.
- Per Håkon Høisveen, Oslo, ekspedisjonssjef, Olje- og energidepartementet (Oed)
- Frode Karlsen, Bergen, avdelingsdirektør, Finansdepartementet
- Elena Bråten, Oslo, rådgjevar, Moderniseringsdepartementet (Avdelingsdirektør Steinar Hauge, har møtt i utvalet i hennar stad)
- Hans Olav Felix, Oslo, forbundsleiar, Landsorganisasjonen i Norge (LO)
- Caroline Lund, Oslo, advokat, Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK)
- Gunnar Martinsen, Ringsaker, advokat, Energibedriftenes landsforening (EBL)
- Kristine Ryssdal, Oslo, advokat, Prosessindustriens Landsforening (PIL)
- Merethe Storødegård, Stjørdal, regiondirektør i NHO, Samarbeidande kraftfylke (SK)
- Britt S. Nordlund, Harstad, fylkesvaraordførar i Troms, Kommunenes Sentralforbund (KS)

Olje- og energidepartementet sende heimfallsutvalet si innstilling på høyring i des. 2004 med frist 1. mars 2005.

2.7 Vidare arbeid

Neste fase når det gjeld nye reglar for heimfall, vil vere at Regjeringa utformar ein odelstingsproposisjon med lovforslag. Med bakgrunn i relativt stor usemje om saka både i utvalet og i den offentlege debatten, er det grunn til å rekne med at Regjeringa ikkje vil forskottere ein proposisjon før høyringsrunda er avslutta. Det betyr at det truleg ikkje er aktuelt med handsaming av eit lovforslag våren 2005. Hausten 2005 er det stortingsval. Det vil derfor fort bli våren 2006 før Stortinget har vedteke ei ny heimfallsordning.

3. UTVALET SINE VURDERINGAR OG KONKLUSJONAR

3.1 Premissar for arbeidet

Med utgangspunkt i mandatet og drøftingar i utvalet er det sett opp slike premissar for arbeidet med ulike modellar for heimfall:

- Nasjonal råderett
- Omsynet til offentlege inntekter
- Effektiv ressursbruk, verdiskaping og konkurranse
- Harmonisering av regelverket
- Eit oversiktleg og lettfatteleg lovverk
- Andre forhold, her under verdinøytralitet og salspress

3.2 Konsekvensar ved avvikling av dagens regelverk. Konsekvensar ved å halde på regelverket.

Mandatet for utvalet seier at heimfallsinstituttet skal førast vidare, men at utvalet likevel skal gjere greie for konsekvensane av ei avvikling. Utvalet kjem i innstillinga til at ei avvikling av heimfallsinstituttet for alle konsesjonærar i praksis vil vere ei irreversibel avgjerd. Uvisse om framtidige reguleringsregime for inndraging av inntekter til det offentlige og for disponering av vassfallsressursane, tilseier at heimfallsordninga vert vidareført som eit langsiktig verkemiddel for sentrale styresmakter. Utan heimfallsinstituttet ville ein mangle ei ordning som kan nyttast av framtidige generasjonar for å ivareta overordna samfunnsomsyn i ressursforvaltninga.

Utvalsmedlemmane Martinsen (EBL) og Ryssdal (PIL) beklagar derimot at mandatet ikkje tillet at avvikling av heimfallsinstituttet kan diskuterast på lik linje med andre alternativ. Desse medlemmane meiner at ei oppheving av heimfallsinstituttet gir den beste løysinga gitt dei omsyn og premisser som ligg til grunn for utvalet sitt arbeid.

Utvalet konstaterer at gjeldande heimfallsordning er ei særordning til fordel for offentlege eigarar og at ulike rammevilkår for marknadsaktørane kan svekke konkurransen og verdiskapinga i sektoren og i mindre grad legge til rette for effektiv ressursbruk ved å gjere omsetting av kraftverk og dermed omstrukturering i bransjen vanskeleg. Gjeldande regelverk avgrensar offentlege eigarar sine sjansar til å gjennomføre fusjonar eller kapitalutvidingar utan å utløyse vilkår om heimfall.

I utvalet si EØS-faglege utgreiing vert det konstatert at ei ordning med tidsavgrensa konsesjonar og heimfall til staten i seg sjølv ikkje er i strid med EØS-avtalen, men at ulike konsesjonsreglar for offentlig og private aktørar er strid med regelverket om fri etableringsrett, fri kapitalrørsle

og forbod mot statsstøtte. Utvalet konkluderer difor med at ei "videreføring av dagens regelverk verken er et samfunnsøkonomisk eller rettslig ønskelig alternativ" (avsn. 1.3.4.1, side 16).

Kraftfylka sitt utvalsmedlem Storødegård, med tilslutning frå representantane for KS, LO og LVK, har i ein særmerknad peika på at det er lite effektiviseringsvinst å hente ved å omstrukturere selskapa, og vidare at den effektiviseringsvinsten som finst, også vil bli teken ut av noverande offentlege eigarar. Dette forholdet tilseier at dersom det ikkje hadde vore for problemstillinga med EØS-avtalen, så hadde det ikkje vore nødvendig å endre heimfallsordninga. Vidare svekkar dette forholdet tyngda av argument knytt til omstrukturering og innelåsing av eigardeler ved val av modell.

Særmerknad til kap. 6.3 om effektiv ressursbruk, verdiskaping og konkurranse frå utvalsmedlemene Felix, Lund, Nordlund og Storødegård:

For å oppnå effektiv ressursbruk legges det stor vekt på at rammevilkårene for kraftsektoren utformes i samsvar med generelle økonomiske prinsipper. Mer effektiv ressursbruk har vært en viktig del av begrunnelsen for å endre på dagens konsesjonslovgivning slik at kraftverkene skal kunne omsettes i markedet. Det er imidlertid ikke gjort overslag over hvor stor økning i verdiskapingen dette vil gi i praksis.

Kraftproduksjon har en struktur med lave driftskostnader og høye kapitalkostnader. Typiske driftskostnader kan være av størrelsesorden 2-2,5 øre/kWh, jfr. beregningene av driftskostnadene i konsesjonskraftprisen. Pga. at driftskostnadene er begrensede, vil potensialet for kostnadsreduksjoner være begrenset. For eksempel vil en reduksjon i driftskostnadene på hele 25 % bare gi en kostnadsreduksjon på ca. 0,5 øre/kWh. Når det gjelder kapitalkostnadene, så vil disse være bestemt av hvilke investeringer i produksjonsanlegg som skal forrentes og ikke av hvorledes kraftproduksjonen er organisert. Av dette kan en slutte at effektiviseringsgevinst pga. reduserte kostnader vil være begrenset.

For det andre vil dagens eiere ha incitament til å hente ut de rasjonaliseringsgevinster som finnes. Arbeidet med omstilling, omstruktureringer, optimalisering av vannproduksjon og markedstilpassing foregår hele tiden i kraftforsyningen. Det betyr at de rasjonaliseringsgevinster som finnes vil bli tatt ut også av dagens eiere.

Disse medlemmene er av den oppfatning at det ikke er sannsynliggjort at det vil oppstå samfunnsmessige tap av betydning ved at dagens eiere fortsetter å eie norsk kraftproduksjon. Av dette følger også at argumentet om effektiv ressursbruk har begrenset betydning som begrunnelse for å iverksette omfattende reformer innen kraftproduksjonssystemet, herunder endringer i dagens hjemfallsordning.

Storødegård har også ein særmerknad når det gjeld forholdet til EØS-avtalen, j.f. avsnitt 6.6.1:

Utvalsmedlem Storødegård vil bemerke at EØS/ESA-problematikken framstår som den reelle begrunnelsen for å endre på hjemfallsinstituttet, og har lagt dette til grunn for sitt arbeid i utvalget. Ser man bort fra Norges (eventuelle) folkerettslige forpliktelser i så måte, taler de beste grunner for i det vesentlige å bevare dagens hjemfallsordning. Det vises blant annet til merknader knyttet til transaksjonsmodellen i kapittel 10.4.1 og effektiv ressursbruk i kapittel 6.3.

3.3 Ulike modellar for ny heimfallsordning

Utvalet meiner at eit framtidig heimfallsregime må bygge på slike hovudpunkt:

- innhaldet i heimfallet
- lengde for konsesjonsperioden
- implementering av nye reglar
- fallrettar og anlegg som kjem med i ordninga
- fordeling av verdier ved heimfall

Utvalet har drøfta tre hovudalternativ når det gjeld innhaldet i heimfallet: tradisjonelt heimfall (totalheimfall), tradisjonelt heimfall med kompensasjon i form av etteroppgjør og partielt heimfall.

Ved tradisjonelt heimfall (totalheimfall) vert eigedomsretten til vassfall, anlegg og reguleringar overført vederlagsfritt til staten. Det er slik instituttet er utforma i dag. Staten står dermed heilt fritt i sine vurderingar i vidare forvaltning og drift av dei heimfalne anlegga. Konesjonæren har ingen rettar etter heimfallstidspunktet, dersom det ikkje på førehand er gjort avtale om føregripe heimfall og tilbakesal eller -leige.

Tradisjonelt heimfall kan kombinerast med ei plikt for staten til å yte konsesjonæren kompensasjon i form av eit etteroppgjer knytt til heimfallet, gitt at kraftproduksjonen ikkje vert nedlagt. Kompensasjonen kan vere i form av eigardeler eller finansielt oppgjer. Staten står fritt i å vurdere kva form for kompensasjon konsesjonæren skal få innanfor dei rammene som ligg til grunn for modellen.

Ved partielt heimfall får konsesjonæren sitte igjen med ein eigardel ved heimfallet. Dette gir konsesjonæren tryggleik for å kunne delta i vidare drift, både fysisk og finansielt. Eigedomsretten elles blir overført til staten vederlagsfritt, slik at vidare eigarskap kan skje i fellesskap mellom konsesjonæren og staten. For å ivareta ulike samfunnsmessige omsyn, vert det lagt til grunn at staten skal ha innløydingsrett til konsesjonæren sin eigardel på nærare bestemte vilkår. Modellane med partielt og tradisjonelt heimfall med kompensasjon i form av etteroppgjer legg større vekt på omsynet til konsesjonæren enn tradisjonelt heimfall. Dei gir også betre insentiv til investeringar i slutten av konsesjonsperioden. Felles for dei ulike heimfallsmodellane er at staten kan bestemme om det skal gjevast konsesjon for vidare kraftproduksjon, og vilkåra i slike konsesjonar. Seinast 10 år før gjeldande konsesjon går ut, skal det avklarast om anlegget skal drivast vidare.

For at staten skal kunne ha reell styring og kontroll med ressursane må det med jamne mellomrom kunne gjerast ei ny konsesjonsmessig vurdering av vidare drift. I samsvar med dagens regelverk er det vanleg at private får konsesjon med heimfall etter 60 år. Omsynet til styring og kontroll dreg i retning av kort konsesjonstid, ved at dette gir samfunnet hyppigare høve til å revurdere vilkåra. Ein lengre konsesjonsperiode kan gje betre vilkår for utnytting av vasskraftressursane fordi det blir eit lengre tidsrom der heimfallsvilkåra i lita grad påvirkar investeringar, transaksjonar og liknande.

Utvalet har vurdert to ulike implementeringsalternativ for eit nytt heimfallsregime - lovtidspunktmodellen og transaksjonsmodellen. I Oed sitt høyringsnotat frå 2002 vart det foreslått at ny konsesjon med heimfallsvilkår skulle påleggast frå lovendringstidspunktet, dvs. lovtidspunktmodellen. Ved transaksjonsmodellen vil nye vilkår med tidsavgrensing og heimfall først bli utløyst ved bestemte transaksjonar som omsetting av eigardeler. Eit viktig poeng er dermed at dei offentlege eigarane framleis vil sitte med evigvarande konsesjonar utan heimfallsvilkår, så lenge dei vel å oppretthalde sin eigarskap som i dag. For denne modellen må det fastsettast reglar for kor omfattande endringar i eigarskapen som eventuelt skal tillatast utan at heimfallsvilkår vert innført.

3.4 Innstillinga frå heimfallsutvalet

Innhaldet i heimfallet

Seks av medlemene i utvalet går inn for partielt heimfall, der 2/3 av verdiane i vassfallet og kraftverket med tilhøyrande anlegg tilfell staten vederlagsfritt, medan konsesjonæren på heimfallstidspunktet vil sitte att med 1/3. Det er vidare lagt til grunn at konsesjonæren og staten etter heimfallet skal råde over sine respektive deler av kraftproduksjonen, magasin og vassdrag. Konesjonæren skal også ha rett til å drive anlegget vidare med mindre særlege omsyn tilseier

noko anna. Staten vil ha rett til tileigne seg heile anlegget, men den siste tredjedelen må evt. innløysast til marknadspris.

Dei seks medlemene i utvalet som står bak dette forslaget (Martinsen (EBL), Remmen, Ryssdal (PIL), Storødegård (SK), Sørgard og Vestbakke) meiner at ei slik ordning tilfredsstiller sentrale omsyn som nasjonal ressurskontroll, offentlige inntekter og effektiv ressursutnytting. Ordninga legg vidare til rette for eigarmessig kontinuitet ved at den delen i vassfall og kraftverk som konsesjonæren sit att med, legg til rette for at det er nettopp konsesjonæren som driv dette vidare.

Staten sine tre representantar i utvalet har eit eige forslag som ligg ein stad i mellom forslaget i Regjeringa sitt høyringsnotat av mars 2002 og partielt heimfall som foreslått av fleirtalet på seks i utvalet. Disse representantane foreslår at heimfallet i utgangspunktet skal vere totalt, men at staten ved heimfall skal kompensere konsesjonæren med 20% av verdiane i anlegget. Her er det ein vesentleg skilnad i høve til forslaget om partielt heimfall ved at konsesjonæren ikkje har garanti for framtidig eigarskap og drift. Den kompensasjonen som staten sine representantar har foreslått, er også mindre (1/5) enn det som er lagt til grunn ved partielt heimfall der konsesjonæren vil sitte att med verdiar tilsvarande 1/3. Prinsipielt er dette forslaget truleg nærare partielt heimfall enn tradisjonelt heimfall utan kompensasjon.

Medlemene (Felix (LO), Lund (LVK) og Nordlund (KS)) går prinsipalt inn for transaksjonsmodellen, som legg til grunn at noverande offentlege eigarar kan behalde sine konsesjonar uavkorta, inntil nærare bestemte transaksjonar utløyser nye konsesjonsreglar og heimfall. Når heimfall inntreffer så vil dette vere eit totalheimfall der staten vil disponere verdiane. Eigargane på heimfallstidspunktet får ingen ting.

Subsidiært går desse medlemene inn for rettighetsmodellen der nytt regelverk med konsesjonstid og totalheimfall vert gjennomført på lovendringstidspunktet uavhengig av om det skjer ein transaksjon (lovtidspunktmodell), og vidare at 45 % av verdiane ved heimfallet skal tilfalle dagens offentlege eigarar, som vel å bli sittande med anlegga fram til heimfallstidspunktet. Offentlege eigarar som evt. har selt sine anlegg får ingen kompensasjon.

Lengde på ny konsesjonstid

Sju av utvalsmedlemene (staten sine tre repr., Martinsen (EBL), Ryssdal (PIL), Storødegård (SK) og Sørgard) meiner at ny konsesjonstid bør settast til 75 år, med grunngjeving i hovudsak ut frå at dette gir minst avgrensing med tanke på omsetting av kraftverk og at det dempar den økonomiske verknaden ved innføring av konsesjonstid av for eksisterande offentlege eigarar.

De fem andre medlemmane (Felix (LO), Lund (LVK), Nordlund (KS), Remmen og Vestbakke) meiner at den konsesjonstida ein har i dag for private konsesjonærar, 60 år, bør videreførast. Grunngjevinga er m.a. at dersom ein først skal ha ei heimfallsordning forankra i omsynet til offentlig ressurskontroll, er det viktig at det ikkje går for lang tid før det kan gjerast ei gjennomgåande vurdering av ressursutnyttinga. Det kan ventast store endringar i eigarsamensettinga til norske kraftverk som ein konsekvens av likestilling mellom offentlege og private konsesjonærar, og dette er med å forsterke behovet for konsesjonsmessige vurderingar før for lang tid har gått.

Tidspunkt for når nye heimfallsreglar kjem i funksjon

Alle i utvalet unnateke Felix (LO), Lund (LVK) og Nordlund (KS) går inn for at nye heimfallsreglar skal gjelde frå det tidspunktet då lovendringa vert iverksett, d.v.s. lovtidspunktmodellen. Dette fleirtalet meier at utvalet har gjort grundige vurderingar av ulike

former for transaksjonsbasert implementering av eigarnøytralt heimfall, men har ikkje funne fram til ein transaksjonsmodell som i tilstrekkeleg grad oppfyller sentrale premisser i mandatet. Utvalsfleirtalet legg vidare vekt på at transaksjonsalternativet byr på store EØS-rettslege utfordringar.

Mindretalet (Felix, Lund og Nordlund) går inn for at nye heimfallsreglar skal tre i funksjon gjennom transaksjonsmodellen. Dette betyr at nye reglar med heimfall til staten først kjem i funksjon for offentlege eigarar med evigvarande konsesjonar, når nærare bestemte transaksjonar (som sal av aksjar) vert gjort. Terskelen for å utløyse heimfall skal settast lågt og transaksjon over terskelen skal utløyse heimfall for heile anlegget, også dei delane som evt. ikkje vert omsette. Mindretalet har som grunngjeving for sitt standpunkt at transaksjonsmodellen ivaretek best både omsynet til ein meir fungerande marknad, omsynet til offentlig styring og kontroll og omsynet til dagens offentlege eigarar. Mindretalet er usamde i fleirtalet sitt syn på EØS-avtalen sin innverknad.

Subsidiert går desse medlemmane inn for rettighetsmodellen. Denne modellen kom seint fram i utvalsarbeidet og er følgjeleg ikkje vurdert i høve til EØS-regelverket. Desse medlemmane legg til grunn at val mellom desse to modellane ikkje må gjerast før sentrale styresmakter har rydda uklare forhold i høve til EØS-avtalen av vegen.

Vilkåra for private konsesjonærar

Regjeringa har tidlegare lagt til grunn at vilkåra knytt til eksisterande private konsesjonar skal førast vidare, dvs. heimfall etter kvart som konsesjonstida går ut. I Regjeringa sitt høyringsutkast frå 2002 vart difor eksisterande private konsesjonar ikkje vurderte. For nye konsesjonar til private, vart det lagt grunn lik handsaming som for offentlege konsesjonærar.

Sju av medlemmene i utvalet (alle unnateke staten sine tre repr., Lund (LVK) og Nordlund (KS)) går inn for at også eksisterande private konsesjonærar skal tildelast ny konsesjon på lovendringstidspunktet og for same periode som for offentlig eigde selskap. Grunngjevinga for dette er at utvalet si EØS-faglege utgreiing, framstiller dette som nødvendig for ikkje å komme i konflikt med EØS-avtalen. Om ein slik ordning er ønskeleg eller tenleg, har elles ikkje vore oppe til reell drøfting i utvalet. Staten sine representantar har gitt uttrykk for tvil rundt konklusjonane i EØS-utgreiinga og går imot endringar i gjeldande private konsesjonar med heimfallsvilkår. Eit anna mindretal, Lund og Nordlund går også imot å endre gjeldande tidsavgrensa private konsesjonar med heimfall. Grunngjevinga frå desse medlemmene er m.a. at ein ikkje kan sjå grunnar for å overføre store verdiar til private selskap, utan at desse har hatt krav eller forventingar til dette.

Utvalsmedlem Felix legg til grunn at private konsesjonar vert omgjort slik at det vert gitt ny konsesjon på 60 år rekna frå lovendringstidspunktet. Det skal vidare leggst til grunn at krafta også i framtida skal knytast opp til innanlands industriverksemd. Utvalsmedlem Storødegård set eit liknande krav til bruken av krafta som private konsesjonærar har hand om.

Utvalet har ikkje vurdert forholdet til vassfall kjøpt før 1909, sidan det er presisert i mandat at dette skal haldast utanfor. Eit mindretal samansett av Lund og Nordlund meiner at dei konsesjonsfrie kjøpa som vart gjort før 1909, bør omfattast av nye konsesjonsreglar.

Fordeling av heimfalne verdiar

Gjeldande regelverk gir vertskommunar for kraftproduksjon rett til inntil 1/3 av dei heimfalne verdiane, men avgrensa av ein trappetrinnsregel for vertskommunar til større utbyggingar. I dag er det få kommunar som har utsikter til inntekter frå heimfall, sidan det berre er privateigde verk

som er underlagt heimfallsvilkår. Når så godt som alle verk i følgje fleirtalsforslaget vert underlagt heimfallsvilkår, vil verdiane i heimfallet bli mangedobla og rettane til vertskommunane auke kraftig, samtidig som fleire kommunar får tilgang til heimfallinntekter. Utvalet går inn for å redusere overføringane til vertskommunane ved heimfall gjennom ein moderert trappetrinnsmodell i tråd med Oed sitt forslag i høyringsnotatet av nov. 2002. Med noverande trappetrinsregel får kommunane i gjennomsnitt 20% av verdiane. Med den modererte trappetrinsregelen vil dette bli redusert til 10-15%.

Alle utvalsmedlemmane unntatt dei tre departementsrepresentantane meiner at når vertskommunane skal få sine deler av heimfallet etter ein endra trappetrinnsmodell, som gir ein prosentvis redusert del til kommunane, skal det overskytande tilfalle ein større vertsregion. Staten sine representantar meiner at staten skal behalde den overskytande delen.

Frå fleirtalet si side er grunngjevinga at naturressursane er eit viktig næringsgrunnlag i distrikta og ei slik fordeling er eit bidrag til å kompensere for konsekvensane av at det vert heimfall for offentleg eigde kraftverk. Det er i stor grad samanfall mellom regionalt eigarskap og regionalt vertskap på det offentlege si side. Eit vesentlig unntak er Oslo kommune som er den største kraftverkseigaren (samanlikna med både kommunar og fylke), men som ikkje har rett på verdiar som vertsdistrikt ved heimfall.

Føregripe heimfall

Ordninga med føregripe heimfall er foreslått vidareført i hovudsak som no, dvs. slik at konsesjonæren før heimfallstidspunktet kan gjere avtale med staten om tilbakekjøp eller leige for ein periode på inntil 50 år. Ordninga vil då også måtte gjelde for offentleg eigde kraftverk ved heimfall.

Bruksrett til vassfall og langsiktig disposisjonsrett til vasskraft

Utvalet ønskjer å opne for at alle fallrettar med vilkår om heimfall kan leigast ut. Ved å opne for ei slik form for utleige vil ein kunne redusere evt. salspress for offentlege eigarar fordi langsiktig utleige kan bli eit reelt alternativ til sal. Det same gjeld avtalar om langsiktig disposisjonsrett til vasskraft.

Konsekvensar for inntektsfordeling og eigarstruktur

Eit nytt heimfallregelverk vil ha konsekvensar for inntektsfordelinga mellom dei ulike aktørgruppene i kraftbransjen. Ei generell utviding av omfanget av heimfall vil på den eine sida auke inntektene for staten og vertskommunane, samtidig som heimfallsvilkåret isolert sett vil redusere verdiane av kraftverka for eigarane. Forslaget om partielt heimfall der konsesjonæren på heimfallstidspunktet får sitte att med 1/3 og vidare at halvparten av staten sin del ved heimfallet (1/3 av samla verdiar) vert overført til vertskommune og vertsregion, vil samla sett innebere at staten sin samla produksjonskapasitet vert litt redusert om 75 år. Nettoverknaden for noverande kommunale og fylkeskommunale eigarar vil vere at produksjonskapasiteten vert redusert med i storleik 32 TWh/år, medan vertskommunar og vertsregionar vil motta verdiar i heimfallen produksjon i storleik 34 TWh/år om 75 år.

Fleirtalsforslaget vil vidare innebere at eigarar av private kraftverk med konsesjon får ei utsetting av heimfall for ca 7,8 TWh/år til 75 år etter lovendringsdato, samtidig som innhaldet i heimfallet vert endra frå tradisjonelt heimfall til partielt heimfall.

3.5 Nærare om grunngjevingane for Samarbeidande kraftfylke sine standpunkt

Merethe Storødegård (tidlegare fylkesordførar i Nord-Trøndelag) har vore Samarbeidande Kraftfylke sin representant i utvalet. I utvalet har kraftfylka slutta seg til den partielle heimfallsmodellen.

Samarbeidande kraftfylke har kome fram til sine standpunkt ut frå ei samla vurdering av vertsinteresser og eigarinteresser. Vertsinteressene er søkt ivaretekne ved at ein stor del av heimfallet skal gå til det regionale nivået. Nærare bestemt at resten av den 1/3 som kan tilfalle distrikta og som kommunesektoren ikkje får gjort seg nytte av, skal tilfalle det regionale nivået. Dette vertsvederlaget er så langt på plass både i transaksjonsmodellen og i den partielle heimfallsmodellen. Det er eit fleirtal på 9 i utvalet som støttar dette forslaget. Berre staten sine representantar går imot.

Grunngjevinga for at regionane skal ha del av heimfall, er at utnytting og kapitalisering av naturressursar er ein naturleg basis for næringsutvikling i regionane. Vidare vil forslaget i mange tilfelle innebere ei tilbakeføring av verdiar til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar ved heimfallet. Del av heimfall til regionalt nivå medverkar til å balansere verdifordelinga etter heimfall mellom kommunesektoren og staten.

Ivaretaking av eigarinteressene er eit meir samansett spørsmål. Utgangspunktet er her at offentlege kraftverkseigarar har konsesjon utan tidsavgrensing. Kraftfylka har valt å konstatere at erstatning frå staten vil sitte langt inne, jf. høyringsnotatet frå 2002 der erstatning var heilt uaktuelt. Sjølv om det skulle ligge føre erstatningsplikt, vil ei erstatning bli beskjeden på grunn av prinsippa for erstatningsutmåling i norsk rett, når avståinga som her skjer langt inn i framtida. Med bakgrunn i venta problem med å få staten til å yte erstatning, er det aktuelt å utforme modellane slik at dagens off. eigarar kjem nokolunde brukbart ut.

I modellen med partielt heimfall er dette ivareteke ved at dei offentlege eigarane blir sikra ein varig rett til 1/3 av kraftverket også etter heimfallstidspunktet. Eigarane vil ha denne retten så lenge dei ikkje sel kraftverket. Kontinuitet i eigarretten gjennom heimfall vil vere med å sikre at resultatet blir slik. I vurderinga har det vore lagt vekt på at dei fylka som eig kraftverk og som har engasjert seg, ønskjer denne modellen.

Transaksjonsmodellen var lenge kraftfylka sin prinsipale modell. Kraftfylka har likevel teke til etterretning at transaksjonsmodellen ikkje er i samsvar med landet sine plikter etter EØS-avtalen. I kap. 10.4.1 har Merethe Storødegård slik særmerknad:

Medlemmet Storødegård har hatt transaksjonsmodellen som sitt prinsipale standpunkt. En viktig grunn til det er at en har antatt at transaksjonsmodellen ville bidra til å opprettholde det offentlige eierskapet i kraftforsyningen. Transaksjonsmodellen ble lagt til sides i utvalget pga. at modellen ikke framsto som forenlig med Norges folkerettslige forpliktelser, etter den EØS-utredningen som utvalget fikk foretatt og som ligger ved utredningen.

Dette medlem erkjenner at det har vært problem med transaksjonsmodellen at den så langt har framstått som komplisert. Og at det blant annet har vært vanskelig å kombinere ønske om å legge til rette for rasjonell strukturutvikling med ønske om å unngå uthuling av hjemfallsordningen.

Dette medlemmet vil bemerke at dersom transaksjonsmodellen skal komme til anvendelse, må den videreutvikles. Et krav til modellen må være at den er til å leve med for dagens eiere. Dette medlem har tidligere reservert seg mot en modell der hele anleggene hjemfaller ved salg av en aksje, noe som vil gi lite handlingsrom for eierne. Dette medlemmet mener at en modell der hjemfallet innrettes mot de andelene som faktisk blir solgt i stedet mot for hele anlegget, eventuelt bør vurderes.

Etter at transaksjonsmodellen ble forlatt i hjemfallsutvalget, har dette medlem arbeidet for å komme fram til løsninger som er samlende og som ivaretar de grunnleggende hensynene på en best mulig måte. Dette medlem anser flertalsinnstillingen som en tilfredsstillende helhetsløsning.

Uvisse omkring transaksjonsmodellen betyr igjen uvisse for korleis noverande offentlege eigarar vil kome ut i modellen. Partane som går inn for transaksjonsmodellen, føreset reforhandling med EU. Først når det føreligg eit resultat på dette, har ein grunnlag for å vurdere korleis eigarane kjem ut. Når eit eventuelt resultat føreligg, må ein forholde seg til det.

4. FYLKESRÅDMANNEN SINE VURDERINGAR. KONSEKVENSA FOR SOGN OG FJORDANE

4.1 Vasskraftfylket Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane er tredje største kraftproduserande fylket i landet etter Hordaland og Nordland. Årleg vert det produsert 12 –14 TWh innafor fylkesgrensene. Dette tilsvarer om lag 10 % av produksjonen i landet. I fylket er det i drift om lag 60 kraftverk med installert effekt over 1 MW (1.000 KW). Rammevilkåra for vasskraftsektoren, her under korleis avkastninga frå vasskraftproduksjonen vert fordelt, er difor svært viktig for fylket.

Distriktet kontrollerer i lita grad eigne ressursar i dag (om lag 1,3 TWh), og det er staten, andre fylkeskommunar og kraftintensiv industri som har hand om dei største vasskraftanlegga. Store deler av verdiskapinga vert dermed ført ut av distriktet og det må i staden tilbakeførast midlar frå staten. Dette er ei lite robust ordning sett frå distriktet sin synsstad.

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 47,8 prosent av konsernet Sogn og Fjordane Energi (SFE). Selskapet er ein viktig næringsaktør i fylket med ein omsetnad på over 400 millionar og om lag 200 tilsette. SFE vart i 2002 verdsett til 2,3 milliardar kroner. For fylkeskommunen har likevel konsernet verdiar som strekkjer seg ut over det ein kan lese av rekneskapsbøkene.

Fram til i dag har staten handtert 10 ordinere heimfall. Ingen av desse er i vårt fylke. Avtalar om føregripne heimfall er derimot gjort for fleire kraftlegg. Statkraft SF har overteke anlegg og leigd ut rettar til Elkem i Svelgen (til 2030) og har inngått langsiktig kraftavtale (frå 1964) med Norsk Hydro i Høyanger. For Fortun og Tyin vart det i 1995 gjort avtale om tilbakesal for ein periode på 50 år.

Framtidige heimfall heilt eller delvis i vårt fylke:

- 109 GWh i 2021 og 268 GWh i 2022 i Svelgenvassdraget, konsesjonær Elkem ASA Bremanger Smelteverk
- 1400 GWh i 2051, Tyin kraftverk, Hydro Aluminium Vekst AS
- 1468 GWh, 50 år frå når ny konsesjon vert gitt, Fortun kraftverk, Hydro Al. Vekst AS

4.2 Tidlegare innspel frå fylkeskommunen i heimfallsaka

Fylkeskommunen gjekk i sin uttale til Regjeringa sitt høyringsutkast av nov. 2002 imot forslaget om endringar i heimfallsregimet slik at tidsavgrensa konsesjonar for offentlig eigde kraftverk vert omgjort til tidsavgrensa konsesjonar med vederlagsfritt totalheimfall. I uttalen peika fylkeskommunen på at utvalet som skulle settast ned, måtte greie ut mellom anna:

- Kva som skal til for å tilfredsstille EØS/ESA sitt krav om like konkurransevilkår.
- Alternative løysingar med og utan heimfall. Kor robuste er dei ulike ordningane.
- Skikkeleg vederlag til noverande eigarar dersom heimfall.

- Korleis heimfalne verdjar skal fordelast, eksplisitt om fylkeskommunane skal ha rettar.
- Fordelar og ulemper med utanlandsk eigarskap i norsk kraftsektor.
- Kraftoppdekking i tørrår sett i høve til eigarskap og konsesjonslovene.
- Konsekvensar for norske forbrukarar.

Så langt vi kan sjå er det i NOU'en ikkje gjort vurderingar av rettsgrunnlaget for erstatning til noverande eigarar ved heimfall, fordeler og ulemper med utanlandsk eigarskap, kraftoppdekking i tørrår i høve til eigarskap og konsesjonslovene og konsekvensar for norske forbrukarar. Fylkesrådmannen ser på dette som svært uheldig og vil på nytt sette fram krav om at desse spørsmåla vert utgreidd. I tillegg til dei uklare forholda rundt EØS-regelverket, er desse manglane ved utgreiinga med på å gjere det nærast umogeleg å ta endelege standpunkt.

4.3 Heimfallsutvalet sine forslag

Generelt

Innstillinga frå utvalet ber sterkt preg av ulike syn på kva handlingsrom som finst i høve til EØS-regelverket. Det er sterkt å beklage at sentrale styresmakter ikkje har prioritert å få til avklarande samtalar eller forhandlingar med ESA for å kunne skaffe fram eit sikrere grunnlag for dei avgjerdene som det er lagt opp til å ta etter høyringa. Uavklara spørsmål vil dermed sette sitt preg på uttalane frå høyringspartane. Fylkesrådmannen sine vurderingar og konklusjonar er bygt på dei opplysningane som er framlagt i NOU'en og det er nødvendig å ta atterhald for opplysningar og spesialutgreiingar som etterkvart vil komme til, spesielt når det gjeld norsk ressursforvaltning sett i forhold til EØS-regelverket.

Vidareføring av heimfallsinstituttet

Fylkesrådmannen støttar utvalet sin konklusjon om at heimfallsinstituttet skal førast vidare ut frå omsynet til nasjonal råderett over kraftressursane. Heimfall i ei eller anna form er nødvendig som eit langsiktig verkemiddel for inndraging av grunnrente til det offentlege og for disponering av vasskraftsressursane.

Heimfallet sitt innhald

Fylkeskommunen har tidlegare gått imot forslag om tidsavgrensa konsesjonar og totalheimfall for offentleg eigde kraftverk, m.a. fordi det ville innebære overføring av store verdjar frå kommunar/fylkeskommunar til staten. Forslaget om heimfall med erstatning tilsvarende 20% av marknadsverdien til anlegget på heimfallstidspunktet vil dempe tapet for eigarinteressene, men representerer ingen endringar for vertsdistrikta. Fylkeskommunen bør difor halde fast på eit nei til desse modellane.

Fylkesrådmannen har stor sans for prinsippa som ligg til grunn for transaksjonsmodellen, nemleg at noverande offentlege eigarar skal kunne behalde sine konsesjonar uavkorta, inntil nærare bestemte transaksjonar evt. utløyser nye konsesjonsreglar og heimfall. Dersom transaksjonsmodellen kan gjennomførast i høve til EØS-regelverket, er den truleg å føretrekke ut frå at ein langsiktig offentleg eigarskap best vil sikre forvaltning av naturressursar, infrastruktur og økonomisk avkastning til beste for det norske samfunnet. Fylkesrådmannen er samd med utvalsmedlem Storødegård (SK) i at modellen må utviklast vidare, mellom anna med omsyn til eigarinteressene, jf. særmerknad i kap. 10.4.1. Fylkesrådmannen legg til grunn at tilbakeverkingstidspunktet blir tidspunktet for iversetting av ny lov og ikkje 1994 då EØS-regelverket vart ratifisert. Dette er vesentleg for å sikre at alle transaksjonane frå 1994 og utover skal gå klar det nye regelverket.

Fylkesrådmannen er kjend med at utvalet si EØS-utgreiing konkluderer med at transaksjonsmodellen ikkje vil kunne gjennomførast i høve til EØS-avtalen. Gitt at denne konklusjonen vert ståande etter at handlingsrommet for norske interesser i høve til EØS-regelverket er endeleg avklara, ser fylkesrådmannen modellen basert på partielt heimfall som den beste løysinga. I denne samanhengen vil fylkesrådmannen peike på følgjande:

- Staten vil bli den dominerande eigaren i eit hopehav med fleire partar etter heimfall. Saman med andre offentlege eigarar vil dette sikre samfunnsmessig kontroll med kraftressursane. Ønsker ein av partane å avhende sin eigardel heilt eller delvis, vil den andre parten ha forkjøpsrett.
- Kommunale og fylkeskommunale eigarar vil sitte att med 1/3 av verdiane frå sin eigarskap på heimfallstidspunktet, og det vil vere reelle sjansar for å kunne drive vidare etter at konsesjonstida er ute. Eigar- og driftsmessig kontinuitet etter heimfall vil gjere det meir interessant å investere i anlegget mot slutten av konsesjonsperioden. Ut frå dette er det grunnlag for at noverande offentlege eigarar vil halde fram som eigarar utover heimfallstidspunktet, for dermed å kunne sikre lokal/regional eigarskap.
- Partielt heimfallet vil totalt sett innebære ei viss omfordeling mellom eigarkommunar/regionar og vertskommunar/regionar til fordel for vertskommunar/regionar. Dette er ei rettmessig omfordeling sett i forhold til ressursgrunnlaget og vil vere til klar fordel for vårt fylke. Omfordelinga vil vere tilnærma nøytral når det gjeld fordelinga av verdiar mellom staten og kommunesektoren.

Konsesjonstida si lengde

I Oed sitt høyringsnotat av nov. 2002 vart det foreslått å utvide konsesjonstida frå 60 til 75 år. Formålet var å medvirke til auka effektivitet i kraftmarknaden og å minke verditapet for dei offentlege eigarane med tidsavgrensa konsesjonar, som etter lovendring skulle få omgjort sine konsesjonar til tidsavgrensa med heimfall. Det vart framlagt at ein auke i konsesjonstida frå 60 til 75 år kunne gjennomførast utan å svekke styring og kontroll med vassdragsressursane i vesentleg grad.

Eit fleirtal i utvalet vidarefører dette forslaget med tilsvarende argument, og seier mellom anna at ein lenger konsesjonsperiode vil bidra til å utsette problem rundt manglande investerings-incentiv mot slutten av konsesjonsperioden, og i tillegg legge betre til rette for omstrukturering og konkurranse i kraftsektoren.

Ut frå ei prinsipiell tilnærming til spørsmålet finn fylkesrådmannen at lang konsesjonstid vil vere til fordel for eigarinteressene og tilsvarende til ulempe for ressursdistrikta i samband med at fordeling av verdiar etter heimfall kjem 15 år seinare med 75 års konsesjonstid. Sogn og Fjordane har som distrikt interesser i begge retningar, og fylkesrådmannen vil ut frå ei totalvurdering gå inn for at konsesjonstida vert sett til 60 år.

Implementering av nytt regime

Iverksetting gjennom lovtidspunktmodellen vil innebære at gjeldande konsesjonar vert omgjort til nye konsesjonar der det er med vilkår om tidsavgrensing og heimfall frå det tidspunktet når nytt lovverk trer i kraft. Iversetting frå lovtidspunktet er knytt til modellane totalheimfall med eller utan kompensasjon, partielt heimfall og rettighetsmodellen. Iverksetting gjennom transaksjon er berre aktuelt for transaksjonsmodellen, og betyr at innføring av nye vilkår med tidsavgrensing og heimfall først vil skje i samband med nærare bestemte transaksjonar. Fylkesrådmannen viser her til dei vurderingane som er gjort i høve til modellane og den implementeringsmåten som høyrer til.

Erstatning for evt. økonomiske tap

Utvalet har ikkje vurdert rettslege aspekt knytt til erstatning for evt. økonomisk tap for offentlege eigarar ved innføring av tidsavgrensa konsesjonar med heimfall. Grunnen til at dette ikkje er gjort, har m.a. samanheng med at spørsmålet er definert til å ligge utanfor utvalet sitt mandat. Utvalsmedlemene Martinsen og Storødegård er usamde i denne tolkinga av mandatet og meiner at kommunar og fylkeskommunar har same vernet i Grunnlova sin § 105 som private rettssubjekt. Konsekvensen av dette vil vere at det skal ytast full erstatning for evt. tap ved innføring av nye reglar. (Jf. avsn. 10.4.2 Særmerknad frå utvalsmedlem Martinsen). Fylkesrådmannen støttar denne vurderinga.

Utvalsfleirtalet har i NOU en handtert spørsmålet om tap ved å vise til mandatet og ved å peike på at ved å gjere heimfallet partielt og ved fordeling av heimfalne verdier på staten, kommunane og fylkeskommunane/ regionnivået, kan det kompenseras for tap utan at dette representerer full erstatning.

Anlegg som det nye regelverket skal gjelde for

Utvalet drøftar i kap. 10.1.4. kva kraftanlegg og vassfall som skal omfattast av det nye regelverket. Fleirtalet trekkjer slike konklusjonar:

- Gjeldande regelverk i industrikonsesjonslova om konsesjonsplikt knytt til utbygginga sin storleik skal gjelde også ved innføring av nytt heimfallsregime.
- Det vert ikkje teke eit endeleg standpunkt når det gjeld ikkje-utbygde fall.
- Vassfall kjøpt før konsesjonslova av 1909 skal ikkje underleggast nye reglar (mandatet omfattar ikkje desse utbyggingane).
- Vassfall som alt er underlagt heimfallsvilkår vil få nye konsesjonar med same tidavgrensing og vilkår om heimfall som offentleg eigde anlegg med tidsavgrensa konsesjonar.

Fylkesrådmannen støttar fleirtalet sine konklusjonar så langt det gjeld vassfallet sin storleik, handteringa av ikkje utbygde vassfall og private vassfall med konsesjon. Fylkesrådmannen støttar mindretallet i merknaden om at kraftanlegg før 1909 bør inn under heimfallordninga. Sjølv om det her er tale om ein mindre del av norsk kraftproduksjon er det urimeleg av desse anlegga skal gå klar aktuelle endringar av vilkår. Private anlegg utan konsesjon utgjør 5,5% av den samla norske vasskraftproduksjonen.

I tråd med gjeldande regelverk vil privateigde kraftverk med konsesjon heimfalle i perioden 2009 til 2050. Private anlegg med konsesjon utgjør 6,5% av den samla vasskraftproduksjonen. Ved innføring av nytt regelverk i tråd med fleirtalsforslaget vil konsesjonstida bli utvida med 75 år frå lovendringsdatoen og heimfallsvilkåret vil bli redusert frå 100% til 2/3 for alle. Dette vil bety ein verdiauke på eigarane si hand og eit tilsvarende tap for staten og vertskommunane på grunn av utsett heimfall. I utvalet si EØS-utgreiing er det konkludert med at desse anlegga bør få nye konsesjonsvilkår i tråd med det som vil gjelde for dei offentleg eigde anlegga, for ikkje å komme i konflikt med regelverket knytt til EØS-avtalen. Utvalsfleirtalet har teke EØS-utgreiinga til etterretning. Fylkesrådmannen vil ikkje gå imot dette, men vil knyte til det same kravet som utvalsmedlemene Felix og Storødegård om at kraft frå desse anlegga skal knytast opp til industriverksemd innanlands.


Fordeling av verdier ved heimfall

I samsvar med gjeldande regelverk skal inntil ein tredjedel av vasskraftanlegga eller verdien av desse ved heimfall tildelast kommunane der vassfallet, kraftverket eller reguleringsanlegga ligg. Stortinget vil i praksis innafor ein trappetrinsmodell bestemme kva verdier som skal tilfalle vertskommunane og fordelinga mellom desse. Ei utviding av heimfallsinstituttet som omfattar all

vasskraft kjøpt etter konsesjonslovene av 1909, vil mangedoble verdiane som skal fordelast. Det nye regelverket vil omfatte det meste av norsk kraftproduksjon, om lag 110 TWh. Utvalet foreslår i denne sammenhengen at det vert innført ein ny trappetrinsmodell og ei ny ordning med fordeling av verdiar også til ein større vertsregion innafor ramma for den lovbestemte distriktsandelen. Forslaget vil gjelde for alle modellane, med unntak for totalheimfall med kompensasjon, som staten sine representantar går inn for.

Naturressursar generelt og vasskrafta spesielt er eit viktig næringsgrunnlag i vårt distrikt. Fylkesrådmannen meiner det difor vil være rimelig at verdien av vasskraftproduksjonen blir tilbakeført til distriktet fullt ut opp til 1/3 og i ein noko vidare forstand enn til dei primærkommunane som i dag har rett til deler av heimfalne verdiar. Vasskraftproduksjonen er trass alt basert på utnytting av distriktet sine naturressursar. Fylkesnivået kan vere et naturleg nivå for fordeling av deler av vasskraftverdiane. Dette vil føre med seg ei jamnare verdifordeling i distriktet enn dagens ordning. Eit anna argument for ei breiare fordeling av verdiane ved heimfall, er at eit nytt heimfallsregelverk vil svekke lokale og regionale offentlege eigarar sine rettar i kraftverk ved innføring av tidsavgrensa konsesjonar med heimfall.

Innføring av nytt heimfallsregime i tråd med modellen partielt heimfall vil totalt sett auke verdiane til staten og verts kommunane/verstdistrikta, samtidig som verdiane i kraftverk for eigarane vil minke. Nedanfor er det vist eit diagram som summerer opp konsekvensane av nytt regelverk pr. fylke i landet (forutsett partielt heimfall med 1/3 til eigar, 1/2 av heimfallet til staten går vidare til ressursdistriktet).



Figurtekst:

Kommunal og fylkeskommunal eigarskap i dag fordelt fylkesvis samlikna med utbytte ved heimfall. (Figur henta frå NOU 2004: 26, fig. 10.10 side 140)

Figuren viser at Sogn og Fjordane vil komme svært gunstig ut, ved å få auka rettane til kraftverdiar frå om lag 1,3 TWh i dag til 4,4 TWh etter 75 år. Om lag 4,0 TWh av desse rettane vil komme frå heimfallet medan 0,4 TWh vil vere den partielle eigardelen som distriktet vil sitte att med av dagens eigarskap.

Inntekter frå heimfall vert etter dagens regelverk ikkje samordna med det statlege inntektssystemet, men kommunar med slike inntekter vil kunne få mindre enn andre frå statlege

fond med sikte på lokal næringsutvikling. Fylkesrådmannen støttar fleirtalsforslaget og ser fylkeskommunen som vertsregion inntil noko anna evt. er bestemt.

Føregripe heimfall

Gjeldande regelverk gir konsesjonærane høve til å forhandle med staten om føregripe heimfall og tilbakesal/-leige av vassfall og ny reguleringskonsesjon når det er igjen mindre enn 25 år av konsesjonsperioden. Dette er ei ordning som gjerne vert brukt der det er aktuelt med større nyinvesteringar, samtidig som føregripe heimfall kan gje både staten og konsesjonærane meir fleksibilitet i forhold til det vanlege heimfallsinstituttet. Konsesjonærane må betale full marknadspris ved tilbakekjøpet. Utvalet foreslår at ordninga med føregripe heimfall vert vidareført. Fylkesrådmannen støttar dette forslaget.

Salspress

I utvalet er det til dels store meiningsskilnader knytt til spørsmålet om salspress ved innføring av ulike modellar. Fylkesrådmannen vil peike på at press på kommunar og fylkeskommunar til å realisere verdier truleg vil vere lågare ved partielt heimfall enn ved tradisjonelt heimfall, i og med at konsesjonæren vil bli sittande att med ein eigardel utover heimfallstidspunktet. Fylkesrådmannen vil også peike på at det i lovendringsforslaget er med formuleringar som opnar for å leige ut vassfall og kraftanlegg. Dette kan legge til rette for å realisere økonomiske verdier knytt til kraftanlegga, utan å avhende eigarskapen.

Det er brukt argument mot fleirtalsinnstillinga som går på at det vil bli eit press på offentlege eigarar til å selje seg ut tidleg i den tidsavgrensa perioden for å oppnå størst mogeleg pris. Det er rett at det ved sal tidleg i ein konsesjonsperiode på 60 eller 75 år vil kunne oppnåast salsinntekter som er større enn ved eit seinare sal, men årsaka til dette er at noverande eigar før eit eventuelt sal, har teke ut deler av verdien i form av utbytte. Med andre ord vil salsprisen gå ned berre tilsvarende dei verdiane noverande eigar tek ut før eit eventuelt sal, gitt at alt anna er likt. Eit anna og kanskje viktigare spørsmål er om det ved sal av vår miljøvenlege og fornybare vasskraftproduksjon i det heile tatt kan settast ein korrekt pris. Mest truleg vil det vere best økonomi i å sitte med eigarskapen uansett.

5. KONKLUSJON/TILRÅDING

1. Heimfall i ei eller anna form er nødvendig som eit langsiktig verkemiddel for inndraging av grunnrente til det offentlege og for disponering av vasskraftsressursane.
2. Før Regjeringa legg fram forslag om nye konsesjonslover for Stortinget, er det nødvendig å få klargjort kva som er handlingsrommet for norsk regelverk i høve til EØS-avtalen.
3. Det er like eins nødvendig å få ei rettsleg vurdering av spørsmål knytt til erstatning for tap ved omgjering av evigvarande konsesjonar til tidsavgrensa konsesjonar med heimfall.
4. Med tilvising til fylkeskommunen sin uttale til heimfallsaka i 2003 tek fylkesrådmannen opp at kravet om at spørsmål knytt til fordelar og ulemper med utanlandsk eigarskap, kraftoppdekking i tørrår i høve til eigarskap og konsesjonslovene og konsekvensar for norske forbrukarar vert vurdert for ulike heimfallsmodellar.
5. Dersom transaksjonsmodellen kan gjennomførast i høve til EØS-regelverket, er den å føretrekke ut frå at langsiktig offentlig eigarskap best vil sikre forvaltning av naturressursar,

infrastruktur og økonomisk avkasting til beste for det norske samfunnet. Modellen må utviklast vidare, mellom anna med omsyn til eigarinteressene. Fylkesrådmannen legg til grunn at tilbakeverkingstidspunktet blir tidspunktet for iversetting av ny lov og ikkje 1994 då EØS-regelverket vart ratifisert. Dette er vesentleg for å sikre at alle transaksjonane frå 1994 og utover skal gå klar det nye regelverket.

6. Dersom transaksjonsmodellen ikkje kan gjennomførast i høve til EØS-regelverket, ser fylkesrådmannen modellen basert på partielt heimfall som den beste løysinga. I høve til utvalsfleirtalet si innstilling har fylkesrådmannen slike avvikande forslag:

- Konsesjonstida vert sett til 60 år.
- Kraftanlegg frå før 1909 skal inn under heimfallordninga.
- Kraft frå industrianlegg som får forlenga konsesjonstida med 60 eller 75 år skal knytast opp til industriverksemd innanlands.

7. Fylkeskommunen skal vere vertsregion ved fordeling av verdier etter heimfall inntil noko anna evt. er bestemt.